

Kartlegging av hole eiker i Rennesøy og Finnøy kommunar 2015



Leif Appelgren & Knut Børge Strøm

www.ecofact.no

ISSN: 1891-5450
ISBN: 978-82-8262-499-2

 **ecofact**
future nature

Kartlegging av hole eiker i Rennesøy og Finnøy kommunar 2015

Ecofact rapport: 501

www.ecofact.no

Referanse til rapporten:	Appelgren, L. & Strøm, K.B. 2016. Kartlegging av hole eiker i Rennesøy og Finnøy kommuner 2015. Ecofact rapport 501.
Nøkkelord:	Naturtypekartlegging, forskriftseik, utvalt naturtype, Naturbase, biologisk mangfold
ISSN:	1891-5450
ISBN:	978-82-8262-499-2
Oppdragsgiver:	Fylkesmannen i Rogaland
Prosjektleder hos Ecofact AS:	Knut Børge Strøm & Leif Appelgren
Prosjektmedarbeidere:	Rune Søyland
Kvalitetssikret av:	Ole Kristian Larsen
Forside:	

www.ecofact.no

INNHOLD


1. FORORD	1
2. SAMMENDRAG	2
3. INNLEDNING	4
4. METODE	4
5. RESULTATER	4
6. KILDER	8

1. FORORD

På oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland har Ecofact gjennomført kartlegging av utvalt naturtype hole eiker. Særleg aktuelle lokalitetar i Rennesøy og Finnøy har vore utgangspunkt for kartlegginga. Feltarbeid og rapportering er utført av Knut Børge Strøm, Leif Appelgren og Rune Søyland. Kontaktperson sjå Fylkesmannen var Audun Steinnes.

Sandnes
15. februar 2016

Knut Børge Strøm



2. SAMANDRAG

Skildring av oppdraget

Ecofact har gjennomført ei kartlegging av eiketre som tilfredstiller krava som utvalt naturtype etter Naturmangfoldslova og Forskrift om utvalte naturtyper.

Datagrunnlag

Rapporten er basert på synfaringar gjennomført mellom 17. juni og 26. juni 2015 av Leif Appelgren, Knut Børge Strøm & Rune Søyland. Nokre opplysningar er innhenta frå ressurspersoner.

Resultat

Det blei samla registrert og beskrive 146 hole/store eiketre. Av desse har 56 verdi A – svært viktig, 58 verdi B - viktig og 32 verdi C – lokalt viktig.

3. INNLEDNING

I forskrift av mai 2011 blei hole eiker lovsikra som ein utvalt naturtype. Forskrifta følger Naturmangfaldlovas kapittel 6, §§52-56. Hole så vel som store eiketre har ei særstilling tilknytt biologisk mangfold. Eika er truleg det treslaget i Noreg som har styst mangfold av artar. Det er registrert opp mot 1500 forskjellige artar som i ulik grad er avhengig av gamle eiketre. Særleg gruppene sopp, lav og insekt kan framhevest. I samband med ønskje om å kartleggja førekomstar av hole eiker i Rennesøy og Finnøy kommunar, har Ecofact, på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland, gjennomført ei større kartlegging. Synfaringar blei utført mellom 17. juni og 26. juni 2015 av Knut Børge Strøm, Leif Appelgren og Rune Søyland.

4. METODE

Fokusområdet for kartlegginga har vore øyene Halsnøy, Fogn og Sjernarøy i Finnøy kommune, samt Rennesøy kommune i sin heilskap. Målet for kartlegginga var å registrera alle hole eiketre som oppfylte forskriftskriteria som utvalt naturtype. Med hole eiker meinast eiketre med ein brysthøgdediameter på minst 63 cm, tilsvarande ein omkrins på 200 cm, samt eiketre som er synleg hole og med ein diameter på minst 30 cm, tilsvarande ein omkrins på minst 95 cm. Det vart nytta bil for komma seg rundt. Eiketrea ble registrert ved bruk av kikkert og augesyn. Det blei alltid undersøkt i nærleiken til store eiketre, for å sjå etter nærliggande bestandar.

Eiketrea er verdisette og skildra som ein naturtype etter forslag til faktaark for store, gamle tre (Jordal 02.06.2014), del av arbeidet med ny DN-handbok 13. Avgrensing av lokalitetane er i all hovudsak gjort i felt med GPS. I område der dette har vore hensiktsmessig, har flybilete blitt brukt for å få ei meir nøyaktig lokalisering. Alle lokalitetar er gitt nytt lokalitetsnummer som ikkje er nytta tidlegare.

Digitaliseringsarbeidet er gjort i ArcMap og QGIS på shape-format. Polygon og tilhøyrande lokalitetsskildringar er knytt saman via felles identitetsnummer. Alle data er overlevert Fylkesmannen i Rogaland for innlegging i Naturbase.

Interessante artsfunn er lagt inn på Artsobservasjonar, alt. i Ecofacts artsdatabase, som er kobla til Artskart. Funna vil dermed være synleg for offentligheta.

5. RESULTATER

Frekvensen av forskriftseiker var overraskande stor i dei undersøkte områda. I starten av kartlegginga blei samlege eiketre som tilfredsstilte kriteria om ei stammeomkrins på 200 cm registrerte. Dette let seg gjere i Rennesøy, men i Finnøy kommune var talet av forskriftstre så høgt at eit fagleg utval måtte gjerast. Tre som så vidt tilfredsstilte kriteria på storleik, og ikkje hadde nokon anna verdi tilknytt artsmangfold blei i all

hovudsak ikkje skildra. Det blei anset som spesielt viktig å få kartlagt dei verkeleg verdifulle eiketrea (B/A – verdi).

Samla i kartlegginga blei det registrert og skildra 146 hole/store eiketre. Av desse har 56 verdi A – svært viktig, 58 verdi B - viktig og 32 verdi C – lokalt viktig. Nokre av trea var av ei slik utforming at dei truleg burde blitt verna som enkeltelement, og i eit høve som eit samla område. Dette gjeld særleg den hole eika på Nesheim, Sjernarøy (nr.49) og den gamle eikehagen med stor tettleik av hole, styva eiketre på Hovda, Fogn. Eikehagen på Hovda er i ein middels til sein attgroingsfase. Her er det naudsynt med skjøtsel i form av rydding av hasselkratt og unge lauvtrær. Innføring av tradisjonelt og skånsamt beite vil og vere aktuelt.

Dei undersøkte områda på Halsnøy, Fogn og Sjernarøyane vurderast å vere godt kartlagde for verdifulle forskriftseiker. På Rennesøy anbefalast det å undersøka sørsida betre, då dette ikkje blei prioritert i denne kartlegginga. Ombo må elles nemnast som ein lokalitet som bør prioriterast i framtidige undersøkingar.

Under følgjer nokre bilete frå kartlegginga.



Figur 1. Gammal, grov eik ved Aksje, søraust på Rennesøy (ID: LA865). Foto: Leif Appelgren.




Figur 2. Gammal, grov eik med eit mindre holrom. Aksje, søraust på Rennesøy. (ID: KBS34). Foto: Knut Børge Strøm.



Figur 3. Stor eik ved Naustvik på Sjernarøy. (ID: LA883). Foto: Leif Appelgren.



Figur 4. Sparebankeik ved Nesheim på Sjernarøy. (ID: LA892). Foto: Leif Appelgren.



Figur 5. Grov og hol eik ved Nesheim på Sjernarøy. (ID: KBS52). Foto: Knut Børge Strøm.



Figur 6. Grov, hol og tidlegare styva eik ved Hovda på Fogn. (KBS63). Foto: Knut Børge Strøm.

6. KJELDER

Skriftlige kjelder

Jordal, J.B. m.fl. Forslag til faktaark for Store, gamle tre (02.06.2014).

Henriksen, S. & Hilmo, O. (red.). 2015. *Norsk rødliste for arter 2015*. Artsdatabanken, Norge.

Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven.

Nettbaserte kjelder

Miljødirektoratet. Naturbase: www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktøy/Database/Naturbase/

Norsk rødliste for arter 2015, nettversjon: <http://data.artsdatabanken.no/Rodliste>

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no>